



Årsmelding 2016

Vedtatt av styret i møte 21.02.2017
(sak 02/17)

0 INNLEIING OG SAMANDRAG

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På nokre punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultatrapporten. Resultatrapporten og årsmeldinga viser at me i stor grad har nådd måla våre i vedtatt handlingsprogram og årsplan. På nokre område har me òg oppnådd svært gode resultat.

Nokre høgdepunkt frå 2016:

- I 2015 fekk Ryfylkemuseet kr. 6 080 000,- frå Kulturdepartementet i sysselsettings-middel øyremerka bygningsvern, med krav om at midla måtte nyttast i løpet av 2016. Med ansvar for 85 kulturhistoriske bygg fordelt på tre faste handverkarar, har bygningsavdelinga ei krevjande oppgåve. Desse ekstra midla har difor kome svært godt med. Prosjektet har vore eitt av dei største i museet si historie, med arbeid på sju ulike anlegg og 17 bygg i løpet av året. I tillegg til eigne handverkarar og ein lærling, har ni handverkarar og ein dokumentator vore prosjektilsett/engasjert via firma i prosjektet. Sju lokale firma har òg vorte leigd inn til større oppdrag i løpet av året. Ryfylkemuseet er stolte over å kunna rapportera at midla er brukt opp og at fleire av anlegga til museet no står og skin.
- I januar fullførte handverkarane konstruksjonen av naustet på Strandaneset som skal husa M/B Suldal framover. Dette er det største nybyggprosjektet handverkarane på Ryfylkemuseet har gjennomført og det har vore eit lærerikt prosjekt. Bygget er sett opp som ein heiseløkonstruksjon i tråd med den tradisjonelle byggeskikken i Ryfylke og prosjektet har vorte nytta som ein del av studiet til handverkarane ved NTNU. Det står no att ei varmestove som skal setjast opp inntil naustet til bruk under restaurering og vedlikehald av båten.
- I 2015 fekk Ryfylkemuseet støtte frå Kulturrådet til å gjennomføra prosjektet "Prioritering i bygningssamlinga". Arbeidet bygger på ein metode som er tilrådd i Kulturrådet sin publikasjon "Prioritering i bygningssamlinger". Roy Høibo vart leid inn som prosjektleiar og presenterte ferdig rapport våren 2016, med ein grundig gjennomgang av museumsanlegga og dei kulturhistoriske bygningane til museet. Arbeidet har òg resultert i nye forvaltingsplanar for anlegga Kolbeinstveit, Hustveit, Viga, Industriarbeidarmuseet og Li.
- Ryfylkemuseet er leiar for det nasjonale Byggnettverket for museum. I 2016 har museet vore vertskap for eit prosjekt initiert av Byggnettverket og Handverksnett, der målet har vore å kartlegga følgjene av klimaendringar for bygningsvernet på musea og korleis musea møter desse utfordringane. Roy Høibo har vore prosjektleiar og arbeidet har resultert i rapporten «Varmare, våtare, villare» som vert trykt på nyåret 2017, og vil vera ein nyttig reiskap i det vidare bygningsvernet på musea.
- Prosjektet «Barn i bygda» starta opp hausten 2016 og vil fortsetja inn i 2017. Målet med prosjektet er å få auka kunnskap om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn, med undersøkingar i Ryfylke som empirisk grunnlag. Prosjektet har alt fått nasjonal merksemd, men har òg ført til meir merksemd rundt Ryfylkemuseet si

fleirkulturelle gjennom meir enn 25 år. Eit resultat av dette er at museet, ved prosjektleiar Anette Opheim, vart invitert til Arendalsuka i 2016 for å diskutera integrering på museum.

- Som eit ledd i fellestenestene for regionsmusea i Rogaland, vart Kirsten Hellerdal Fosstveit tilsett ved Ryfylkemuseet som regionsantikvar innan bygningsvern i juni 2016. Ho har kontorstad ved museet sitt hovudsete på Sand, men arbeider for alle dei fem regionsmusea i Rogaland.
- Jekta «Brødrene af Sand» har i løpet av året vore gjennom eit omfattande restaureringsarbeid hos Ryfylke trebåtbyggeri på Finnøy. Brødrene har mellom anna fått ny mast, ny bom og nytt dekk. I tillegg til arbeid utført av Ryfylke trebåtbyggeri og tilsette ved museet, har venneforeininga til Brødrene arbeidd totalt 680 dugnadstimar på jekta. Brødrene vil vera klar til sommarsesongen 2017.
- Folkemusikkarkivet for Rogaland har sidan 2004 arbeidd for å få det nasjonale prosjektet «Bygda dansar» til Rogaland, og i 2012 gjekk søknaden endeleg gjennom. Prosjektet starta opp i 2016 og har som mål å stimulera til danselyst blant ungdom, særleg i alderen 15–19 år. Prosjektet hadde avspark under Folkemusikk- og dansehelga til Ryfylkemuseet i november og skal gå over tre år. Folkemusikkarkivet har fram mot oppstarten gjennomført fleire forprosjekt med danseturnear rundt i fylket. Museet kjem ikkje til å vera direkte involvert i sjølve prosjektet, men folkemusikkarkivet vil ha ei rolle som lokal rådgjevar og arbeida vidare med å stimulera dansemiljøet i fylket etter prosjektslutt. Folkemusikkarkivet arbeider no parallelt med eit notebookprosjekt med danseslåttar frå Rogaland, med mål om publisering i 2019.
- Eit fleirårig prosjekt med registrering av 3 000 biletar etter Finn Johannesen, frå Stavanger, vart avslutta i 2016. Johannesen reiste rundt i Ryfylke og tok biletar både i bygdene og i Ryfylkeheiane. Samlingsavdelinga har i samarbeid med Samlingsteam Rogaland vidare katalogisert samlinga i Mosterøy bygdemuseum og publisert totalt 356 gjenstandspostar på Digitalt Museum. Det er òg gjennomført ei større revidering av tidlegare registreringar, totalt 925 postar. I haust byrja arbeidet med Finnøy bygdemuseum og det er så langt katalogisert om lag 1 000 postar i Primus.
- Bedriftene Saudafaldene og Eramet har gitt totalt 240 000 i støtte til Sauda lokalarkiv, som òg utløyste 60 000 i gaveforsterking frå Kulturdepartementet. Saman med støtta frå 2015 har dette gitt grunnlag for å oppretta ei prosjektstilling. I desember vart Ragnhild Folgerø Birkeland engasjert som prosjektmedarbeidar ved arkivet i 50% stilling for to år.
- Gjennom eit samarbeid med Rennesøy kommune er det gjennomført eit dokumentasjonsprosjekt om Fjøløy fort. Ryfylkemuseet har levert innhald til fire utdandørs plansjar som skal utplasserast i tursti på Fjøløy i 2017. Arbeidet har òg resultert i ein artikkel i Folk i Ryfylke 2016.
- I sommar vart det opna ei ny mellombels utstilling på Kolbeinstveit. Denne hadde tittelen “Skal me leika?” og er produsert som ei vandreutstilling. Sommaren 2017 vil utstillinga stå i Industriarbeidarmuseet i Sauda. Arbeidet med utstillinga har òg resultert i ein artikkel i Folk i Ryfylke 2016.

1 ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

VENNEFOREININGAR

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 342 som hadde fornja medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2015	2016
Forsand	2	2
Strand	15	15
Hjelmeland	36	34
Suldal	123	121
Sauda	31	29
Finnøy	25	25
Rennesøy	22	20
Kvitsøy	3	3
Andre	98	93
SUM	355	342

Årsmøte for medlemmane vart halde på Sand 29. mars. Etter årsmøtet fekk dei frammøtte ein presentasjon om Suldalsdampen og det då planlagde arbeidet med slippen og høghuskonstruksjonen over denne.

I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk. Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda, og ei sjølvstendig venneforeining for "Brødrene af Sand". Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S Suldal fram til museet overtok ansvaret for båten, vart omdanna til venneforeining i museet i 2014. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

STYRET

Styret har 13 medlemmar. Desse har sitte i styret i 2016:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle, Finnøy (leiar)
Kristoffer Nødland, Sauda

Vara: Audun Rake
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tora-Liv Thorsen, Forsand
Snorre Kristian Walde, Strand

Vara: Thore Håland
Vara: Trond Hjorteland

Arnfinn Olsen, Hjelmeland
Tormod Skeie, Suldal
Ivar Johannes Handeland, Sauda
Else Norheim, Finnøy
Anne-Kristin Sæther, Rennesøy
Gro Andrews Steine, Kvitsøy

Vara: Berit Søvik Østerhus
Vara: Kari Vaage Gjuvsland
Vara: Kjell Steinar Andersen
Vara: Rasmus Hidle
Vara: Aadne Aasheim Andersen
Vara: Bente Meling

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Hanne Marte Vatnaland

Vara: Torkel Myklebust

For dei tilsette:

Grete Holmboe
Kjersti Moe

Vara: Kjell Gunnar Haraldseid
Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 4 møte og behandla 13 saker.

Styret valde i 2016 nytt arbeidsutval for to år med desse medlemmane: Terjer Hidle, Tormod Skeie, Hanne Marte Vatnaland, Snorre Kristian Walde og Kjersti Moe (Bernd Elmies vart vald som personleg vara for Kjersti Moe). Arbeidsutvalet har ikkje hatt møte i 2016.

TILSETTE

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Sveinung Søyland Moen, direktør
Sanja Ignjatic, kontorleiar
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30%)
Mohamed Sayid Ali, reinhaldar (20%)

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (80%)
Bernd Elmies, arkivar (80%)
Åshild Vetrhus, gruppeleiar folkemusikkarkivet (50%) i permisjon frå 2.05.2016
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40%), 60% frå 01.09.2016

Kjersti Moe, avdelingsleiar formidling, i permisjon til 01.10.2016

Anette Opheim, formidlar

Janneke Wijergangs, formidlar (80%), vikar som avdelingsleiar frå 01.08.2015.

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga

Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar

Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%)

Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

Mellombels stillingar:

Eva Lene Gilje Østensen, vikar formidlingsavdelinga frå 01.08.2015

Gøril Ramo Håve, vikar frå 01.08.2016

Kirstin Hellerdal Fosstveit, bygningsantikvar for Rogaland, frå 01.06.2016

Ådne Jordbrekk Fermann, lærling bygningsavdelinga frå 08.08.2016

Jorunn Øye Rossebø, Sauda lokalarkiv frå 01.06.2016 til 17.06.2016

Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Berget Marvik Tysseland, tømrar

Per-Helge Torgersen, tømrar

Mark Laurenson, tømrar

Leif Sandnes, tømrar

Vanja Ignjatic, museumsvert

Anna Vaage Larsen, museumsvert

Juul Bellemakers, museumsvert

Noor Bellemakers, museumsvert

Bojana Tomic, museumsvert

Anette Aas, museumsvert

Tore Lyngstad, museumsvert

Samir Berbic, museumsvert

Jostein Hindenes, omvisar

Misha Mompati, omvisar

Johanne Vik, ekstrahjelp

Magnhild Håranes Eide, omvisar

Fetihya Dawud Ibrahim, omvisar

Nils Hausken Viga, omvisar

Eirik Tveiteraa, omvisar

Gjøri Marie Haugen, omvisar

Ganna Storcheus, ekstrahjelp

Kristine Svendheim, omvisar

Jan Olav Ommundsen, omvisar

Ellen Synnøve Hoftun, julenis

Vidar Skrede, musikar

Solgunn Liestøl, instruktør

Eirik Førland, meteorolog

Hege Gilje Østensen, oversetter

Seynab Muhudin Ahmed, reinhald

Grete Olsen, reinhald

Praksisplassar:

Ubah Hassan Budul, språkpraksis, vår
Daniel B. Haile, språkpraksis, haust
Rebecca Sue Multhaup, arbeidspraktikant via NAV, frå november 2016

Det samla talet på utførte årsverk var i 2016 om lag 19,3.

Sjukefråveret har vore på 1,58% (mot 4,38% i 2015). Nedgangen her er ikkje så stor som han synest ut i frå desse tala, då det er ei endring i føringane slik at foreldrepermisjonar ikkje lenger skal reknast inn i dette talet. Med foreldrepermisjonane er fråveret om lag på same nivå som i 2015.

PROSJEKTENGASJERTE MEDARBEIDARAR

Roy Høibo, prosjektansvarleg “Prioritering i bygningssamlinga” og “Felles innsats for å møta klimautfordringane”, sjølvstendig næringsdrivande.

Ragnhild Folgerø Birkeland, prosjektmedarbeidar Sauda lokalarkiv, Sauda ferie og fritid.
Anne-Margrethe Myhre, dokumentator sysselsettingsprosjekt bygningsvern, Kon-Sul AS.
Odd Gunnar Hauge, prosjekthandverkar sysselsettingsprosjekt bygningsvern, Enkel Bygg.
Frode Moen, prosjekthandverkar sysselsettingsprosjekt bygningsvern, Hjelmeland Bygg AS.
Ingebrikt Edland, prosjekthandverkar sysselsettingsprosjekt bygningsvern, sjølvstendig næringsdrivande.
Kenneth Hetlelid, prosjekthandverkar sysselsettingsprosjekt bygningsvern, sjølvstendig næringsdrivande.
Jan Gunnar Helmikstøl, prosjekthandverkar sysselsettingsprosjekt bygningsvern, sjølvstendig næringsdrivande.

FELLESTENESTER

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) var å etablera fellestener for samlingsforvalting.

Det vart alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugalandmuseene, men skal arbeide for alle regionsmusea i Rogaland, samt Norsk oljemuseum. Dette gjeld alle fellesstillingane. Fotostillinga har tilført Ryfylkemuseet auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga. I 2016 har fotoarkivaren mellom anna fullført registrering av 3 000 foto frå Ryfylke i samlinga etter Finn Johannessen.

Det er oppretta tre stillingar som arbeider med katalogisering av museumsgjenstandar. Desse er knytt til Jærmuseet. Desse har i 2016 utført registrerings- og katalogiseringsarbeid for Ryfylkemuseet i Mosterøy bygdemuseum og Finnøy bygdemuseum, til saman ca. 1400 gjenstandar. Gjenstandane blir katalogiserte i Primus og deretter lagt ut på nettet på Digitalt Museum.

I 2015 løyvde fylkeskommunen totalt 750 000 til regionsantikvar bygningsvern, som òg vert ein del av fellestenestene. Midla vart vidareført med ytterlegare 750 000 i budsjettet for 2016. Stillinga er lagt til Ryfylkemuseet og antikvaren vart tilsett 1. juni 2016.

For å styrka samlingsforvaltinga ytterlegare arbeider dei fem regionmusea og Norsk oljemuseum saman om å utarbeida ein felles plan for dokumentasjon og innsamling i Rogaland. Arbeidsgruppa, der Ryfylkemuseet har ein representant, starta opp våren 2015, og planen skal vera ferdig våren 2017. MUST har ansvar for prosjektet og har tilsett prosjektleiar.

FRIVILLIG ARBEID

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde "Brødrene af Sand" i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet. I 2016 har Brødrene vore på slipp hos Ryfylke trebåtbyggeri på Finnøy, og mellom anna fått ny mast, ny bom og nytt dekk. Venneforeininga har arbeidd om lag 680 dugnadstimar på Finnøy.

På Kvitsøy deltok vennegjengen aktivt i arbeidet med å gjenreise Hummarmuseet etter brannen i 2011. Det var då behov for eit omfattande oppryddingsarbeid, og seinare supplement av gjenstandsmateriale som gjekk tapt i brannen. Medlemmar i vennegjengen deltok også i arbeidet med nymontering av utstillingane. Det er no òg etablert eit hummarklekkeri i tilknyting til museet.

Bygdekvinneлага i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skolemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har særleg engasjert seg i arkivbevaring og i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S Suldal like sidan han gjekk ut av drift i 1979. Etter at museet har overtatt ansvaret for båten er foreininga omgjort til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten.

I arbeidet med attreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet.

KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Internasjonal SOS (tidlegare Haugaland HMS). Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet vart meldt inn som IA-bedrift i 2008. Avtalen vert jamleg fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga vert følgt opp med deltaking på kurs.

For å sikre god dialog og deltaking vert det arrangert personalmøte kvar månad, og eit to-dagars personalseminar kvart år, som i 2016 vart halde i Sauda. Det vert òg gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år.


Det vert frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider me kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar for ei rekke arbeidsområde ved budsjettsøknaden til departementet, er det utarbeidd planar for bygningsverk, dokumentasjon og forsking, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, for samfunnsrolla og for ansvars og oppgåvefordeling. Etter at det i 2015/2016 vart gjennomført eit prosjekt for prioritering i bygningssamlinga, er det utarbeidd nye forvaltingsplanar for fem av anlegga til museet. Det vert no arbeidd med plan for kompetanseutvikling.

For å vedlikehalda og utvikla kompetansen til dei tilsette deltar me på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innanføre aktuelle fagområde, og me oppmunstrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2016. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

RAMMEVILKÅR

Inntektene til museet er driftstilskot frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilstskot, tilskot til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.m.

Museumsreforma har gitt grunnlag for vekst i årsbudsjetta dei seinare åra. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. I 2015 fekk Ryfylkemuseet òg tilsegn om kr. 6 050 000 i ei støtte til sysselsetting bygningsvern som vert løyvd som ein del av det statlege driftstilskotet for 2016. Summen av bokførte driftsinntekter var difor i 2016 på 21,8 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskota 17,6 mill. kr. Sysselsettingsmidla er eit eingongstilstskot som gir store utslag på driftsbudsjettet for 2016. Driftstilskotet for 2017 er om lag som i 2016, men då utan sysselsettingsmidla. Utviklinga av dei samla inntektene sidan museet blei omgjort til regionmuseum i 1981 har vore slik:



I tillegg til driftsmidla søker museet om prosjektmiddel for å gjennomføra særlege prosjekt. I 2015 løyvde Kulturrådet til saman kr. 1 350 000 i støtte til prosjekta ”Prioritering i bygningssamlinga” og ”Barn i bygda” for 2015 og 2016, som begge starta i 2016. Restaureringa av Brødrene af Sand utgjorde likevel største delen av prosjektmidla i rekneskapsåret. I 2016 utgjorde prosjektmidla totalt om lag 2,5 mill. kr. Eigeninntektene utgjorde 1,5 mill. kr., eller om lag 7% av dei totale inntektene.

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskotet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Driftstilskota frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjorde i 2016 om lag 80% av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene det siste tiåret har gitt grunnlag for auke i personalet og styrka innsats på mange område det siste tiåret, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noko som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det me rekk å ta i ferde med.

2 MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker me å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring (samt formidling av dette arbeidet, sjå punkt 3).

BYGNINGAR

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 85. Dette inkluderer dei to store fartøya våre, «Brødrene af Sand» og «M/S Suldal» (Suldalsdampen). Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

KOMMUNE	STAD	EIGAR	TAL
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	2
	Kvæstad	Sjølv	2
	Ritland/Vasshus	Grunneigarane	6
	Kolbeinstveit	Sjølv	17
	Øystad	Grunneigarane	3
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
	Strandaneset	Sjølv	1
Sauda	Hustveit	Sjølv	13
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
SUM			85

Alle bygningane i samlinga til museet er registrerte i bygningsmodulen i Primus.

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar, eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand og eit overbygg for slippen til Suldalsdampen på Strandaneset.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har me etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Me legg stor vekt på å henta fram, dokumentera og vidareføra den

handlingsborne tradisjonskunnskapen som me ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvene.

Ryfylkemuseet har tidlegare deltatt i ei referansegruppe for Kulturrådet i eit arbeid med ein metode for prioritering av bygningar. Metoden skal vera ei hjelp til eit systematisk vedlikehald, og til vurdering av eventuelle behov for avhending av bygningar. I 2015 såkte me og fekk prosjektmiddel til ei prioritering i bygningssamlinga. Prosjektet starta hausten 2015 og vart avslutta i 2016. Rapporten frå prosjektet og forvaltingsplanar anlegga Kolbeinstveit, Hustveit, Industriarbeidarmuseet, Viga og Li er viktige verktøy for å sikra det vidare vedlikehaldet av bygningane.

Kompetansehevinga, og no sist prioriteringsprosjektet i bygningssamlinga, har ført til at me har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne var dårlegare enn me tidlegare hadde rekna med, og det er blitt avdekka eit stort etterslep på vedlikehald. Sysselsettingsmidla i 2016 kom difor på eit godt tidspunkt, men ei eingongsløyving på 6 millionar er ikkje nok for å få bukt med utfordringane, og det er endå eit etterslep på vedlikehaldet.

I tillegg ser me ei endring mot eit våtare og mildare klima som aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre. I 2016 har Ryfylkemuseet vore vertsmuseum for eit prosjekt initiert av Byggnettverket (sjå under), der målet har vore å kartlegga følgene av klimaendringar for bgningsvernet på musea og korleis musea møter desse utfordringane. Arbeidet har resultert i rapporten «Varmare, våtare, villare» som vert trykt på nyåret 2017.

Ryfylkemuseet har fram til 2016 hatt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har me arbeidd for å styrka merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet, noko sysselsettingsmidla stadfester. I 2016 vart Byggnettverket slått saman med Handverksnett, og der er oppretta eit interrimstyre som skal stå for samanslåinga, der Ryfylkemuseet er representert.

FARTØY

Museet eig 12 mindre båtar, Ryfylke-jekta "Brødrene af Sand" og passasjerskipet «Suldal».

I 2015 vart Brødrene af Sand frakta til Ryfylke trebåtbyggeri på Finnøy, der ho òg har lege heile 2016 og mellom anna fått nytt dekk, ny bom og ny mast. Venneforeininga til Brødrene av Sand har gjort ein stor innsats i dette arbeidet utover hausten og det er ført 680 dugnadstimar. Jekta skal vera klar til sommarsesongen 2017.

M/S Suldal vart i 2014 overført frå Foreininga Suldalsdampen til museet. Våren 2015 stod ny slipp ferdig, bygt av Statnett som erstatning for den gamle. På hausten starta museet reising av ein høghuskonstruksjon som overbygg for skipet, som vil sikra det mot vidare forfall. Høghuset stod ferdig tidleg på nyåret i 2016. Utfordringa frametter blir å finansiera omfattande restaureringsarbeid før fartøyet kan settast på vatnet att.

GJENSTANDAR

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

KOMMUNE	STAD	TAL GJEN-STANDAR	AV DESSE		
			REGISTRERT	KATALO-GISERT	KAT. I PRIMUS
Forsand	Forsand b.mus. (D) ¹	795	795	795	795
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga (D)	2 252	2 252	2 252	2 230
	Hjelmeland b.mus. (D)	1 688	1 348	1 348	1 346
	Årdal b.mus., Høyland ² (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	855	855	854	854
	Jelsa skolemuseum	67	0	0	0
	Sand ³	2 517	2 517	1 845	1 845
	Kolbeinstveit	1 211	1 211	1 211	1 211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
	Li (D)	1 119	1 119	1 119	1 119
Sauda	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	539	539
	Sauda museum	1 227	1 227	186	186
Finnøy	Finnøy bygdemuseum (D)	1 700	1 669	1 669	1032
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	350	350
Kvitsøy	Humermuseet (D)	738	735	735	735
Magasinet Åmøy ⁴	Åmøy	3 084	3 084	3 084	3 084
SUM		20 533	18 917	17 052	16 422

Det har i 2016 vore ein tilvekst av 11 gjenstandar, gitt til museet av ulike givarar. All ny tilvekst blir fortløpende katalogisert i Primus med foto.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt. Det er oppretta eit inntaksutval som tek stilling til alle tilbod om gåver til museet, av alle kategoriar.

¹ D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigdomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigar.

² Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårlig tilstand.

³ I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

⁴ Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader me har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Norsk Genressurssenter (tidlegare Nordisk Genbank) og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvalting og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet.

FOTO

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel om lag 130.000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak og gjenstandsfoto.

FOTO VED RYFYLKEMUSEET		
	Stk. foto	Herav digitalisert
Kulturhistoriske foto		
Repro frå fire kommunar (Sauda,		
Suldal, Hjelmeland, Finnøy)	8318	8318
Digitale kopiar av innlånte orig.foto	4020	4020
Originalfoto	3981	1063
SUM	16319	13401
Spesialsamlingar		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdsen, Sand	4100	491
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2429	
Gartnerhallen	1242	
Widerøe's Flyveselskap	1035	413
Suldalsposten, reportasjefoto	11685	
Bygningsvernprosjektet	5177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	

Finn Johannessen, Stavanger	10000	2356
Suldal reiselivslag	2461	
Suldal reiselivslag, dig. Foto	5063	5063
Lise Bjelland	431	431
Suldal Foto	554	554
Odd Inge Worsøe, naturfoto	6500	
SUM	52332	9941
Eigne opptak		
Svart-kvitt film	8191	700
Fargefilm	386	
Dias	10075	700
Digitale foto	28640	28640
SUM	47292	30040
Gjenstandsfoto		
Svart-kvitt film	3952	3000
Dias	5398	3893
Digitale foto (origianalt digitale)	4322	4322
SUM	13672	11215
TOTAL SUM	129615	64597

Me har om lag 30 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre biletar som er lånte inn frå eigarane av biletene. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bildene er katalogiserte og lagt inn i programmet Primus. Alle desse reprobilda er digitaliserte. Andre viktige samlingar er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdesen og Finn Johannessen.

I 2016 har me registrert ein tilvekst på 765 kulturhistoriske foto. Det er også tilvekstført 1 762 digitale gjenstandsfoto.

Av eigne opptak er det tilført heile 5 781 digitale dokumentasjonsfoto. Mange er frå arrangement ved museet, medan andre dokumenterer bygningar og arbeid som bygningsavdelinga har utført. Talet på dokumentasjonsfoto ved bygningsavdelinga var særleg høgt dette året på grunn av stor aktivitet som følgje av ekstraordinære midlar frå staten til vedlikehald av museumsbygg.

Samla tilvekst av foto i 2016 var 7 164 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 948 analoge foto i fotoarkivet.

I programmet Primus er det katalogisert 641 nye foto i 2016, og 593 fotopostar er reviderte. Det tilsvarende talet for gjenstandar er 1 745 nykatalogiserte gjenstandar og om lag 2 000

reviderte gjenstandspostar. I arbeidet med katalogisering av gjenstandar har museet hatt stor hjelp av Samlingsteam Rogaland, som har katalogisert gjenstandar i bygdemuseumssamlingane på Mosterøy og på Finnøy, saman med museet sine folk.

Etter kvart som fotosamlinga vert digitalisert kan heile eller deler av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Me legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles netportal for norske museum, www.digitalmuseum.no. Ved utgangen av 2016 hadde me vel 8000 foto publisert på Digitalt Museum samt vel 10 500 katalogpostar for museumsgjenstandar. Til saman har vi knapt 18 800 foto og gjenstandar på Digitalt Museum, ein auke på vel 3000 det siste året. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga og om kraft- og industriutbygginga i Sauda ligg likeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar. Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 162 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Tilveksten i 2016 var på to videokassettar med opptak frå eit spel om bryllaup i eldre tid på Kolbeinstveit i 1985 og frå tjørebrenning i Kvilldal. Videokassettane er også digitaliserte.

LYDOPPTAK

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1 131 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Det er dette året tilvekstført 6 lydopptak ved Folkemusikkarkivet. Lyden er gjennom åra registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassettar, DAT-kassettar, minidisk og digitale lydfiler. Noko over halvparten av opptaka er intervju som er gjort i samband med ulike prosjekt ved museet. Vi har i 2016 starta å digitalisera desse intervjuopptaka frå lydkassettar. Til årsskiftet var 119 intervju digitaliserte på 240 lydfiler. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitaliserte.

Ved innsamling av lyd brukar me no harddiskopptakar og materialet vert lagra på server som digitale lydfiler.

PRIVATARKIV

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 191 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hylrometer til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 87 hylrometer. Tilveksten i 2016 var på 13 mindre privatarkiv.

Det nyaste museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

DIGITALT ARKIV

Det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om me skal få det til innanføre dei ordinære driftsmidla.

Det digitale arkivet vert sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som me har med Kultur IT på Lillehammer.

BIBLIOTEK

Det er i 2016 registrert ein tilvekst på 17 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Etter at arbeidet med bygdebøkene for Jelsa vart fullført i 2014, er arbeidet med bygdebøker for gamle Suldal kommune no godt i gang.

I 2015 fekk Ryfylkemuseet støtte frå Kulturrådet til prosjektet «Barn i bygda», med mål om å få auka kunnskap om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. Prosjektet har bakgrunn i Ryfylkemuseet si fleirkulturelle satsing som starta i 1995, men òg eit auka satsing på barn og unge dei seinare åra. Prosjektet vil basera seg på undersøkingar i Ryfylke og arbeidet starta hausten 2016.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

3 MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevelingar. Suksessen til musea vert ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrka den utoverretta verksemda ved museet. Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som høyrer til museet. Me forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, samt til utvikling av reiselivet i regionen. Men me ser samstundes at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vera attraktivt å besøka museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at me har lagt stor vekt på å komma dette behovet i møte.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

- 01.01.–31.12. *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
- 01.01.–31.12. *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 01.01.–31.12. *Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
- 01.01.–31.12. *Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01.–31.12. *Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01.–31.12. *Kvitebjørnen*, utstilling for barn, Nesasjøhuset, Sand
- 01.01.–31.12. *Skog og sagbruk*, permanent utstilling, Hustveit
- 01.01.–31.12. *Lekmannsrørsla og bedehusa*, Bethel, Finnøy
- 01.01.–31.12. *Kulturlandskapet*, utandørsutstilling, Hustveit
- 01.01.–31.12. *Mitt Ryfylke*, Nesasjøhuset, Sand
- 01.01.–31.12. *Frå teine til fat*, Kvitsøy Humermuseum
- 01.01.–31.12. *Fiske året rundt*, Kvitsøy Humermuseum
- 01.01.–31.12. *Båten og motoren*, Kvitsøy Humermuseum
- 01.01.–31.12. *Garden og folka*, Røynevarden.
- 01.01.–31.12. *Bær og frukeventyret*, Viga
- 01.01.–31.12. *Garden og folka*, Viga
- 01.01.–31.12. *Bildespelet, Året rundt i frukthagen*, Viga
- 20.06.–31.08. *Skal me leika? – ei utstilling om leiker og leiketradisjonar*, Kolbeinstveit
- 19.06.–31.12. *Linjer i Landskapet*, Flørli Kraftstasjon
- 19.06.–31.12. *Kraftfull Kultur*, Flørli Kraftstasjon
- 26.10.–08.11. *Bibelutstilling for markering av Bibelselskapet 200 år*, Suldal kulturhus (I samarbeid med Ryfylkebiblioteket Suldal, Folkeakademiet Suldal, Kyrkja i Suldal, Sand sokneråd og Suldal mållag).
- 01.12.–31.12. *Jolegleda! Nyårs-sæla!*, julekortutstilling, Nesasjøhuset, Sand.

Følgjande anlegg og utstillinger har vore opne for publikum 2016:

Finnøy

Utstillinga Lekmannsrørsla og bedehusa, på bedehuset Bethel, Judaberg

Open for grupper.

Forsand

Flørli

19. juni til 1. oktober: sommartstilling: Kraftfull kultur og Linjer i landskapet

Hjelmeland

Viga

2. juli til 14. august (torsdag–søndag)

onsdag 20.7., laurdag 20.8., søndag 21.8.

Hjelmeland bygdemuseum

Ope heile året (tysdag–fredag)

Kvitsøy

Hummarmuseet

12. juni til 10. august (søndagar juni–august, samt laurdagar og onsdag 13. juli)

I hummarsesongen: Kvar søndag i oktober.

Rennesøy

Bibmus

Ope heile året (måndag–onsdag og laurdag)

Sommarsesong (måndag, onsdag og laurdag)

Sauda

Jonegarden, Hustveit

Døgnopen og tilgjengeleg for publikum heile året.

Industriarbeidarmuseet, Åbøbyen

Stengt i 2016 pga. restaureringsarbeid

Suldal

Nesasjøhuset

Ope heile året (måndag–laurdag)

1. juni–31. august (alle dagar)

Kolbeinstveit,

25. juni–14. august (alle dagar)

Litunet

6. juli–31. august (onsdag–søndag)

Stengt 14.–17.7. og 30.–31. juli

Skulemuseet med omvising i Jelsa kyrkje

16. juli Jelsadagen

23.7.–14.8. laurdag og søndag

Røynevarden

Døgnopen og tilgjengelig for publikum heile året.

Brødrene af Sand

Det vart utført restaureringsarbeid gjennom heile 2016

Stader der det ikkje er faste opningstider har det likevel vore arrangert aktivitetsdagar (sjå meir om dette nedanfor) og omvisingar for grupper.

ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2016 har me hatt 105 arrangement der om lag halvparten har vore retta mot barn og unge (sjå meir under Barn og unge). Arrangementa inkluderer skuleopplegg, aktivitetsdagar på anlegga, internasjonal kafé, konserter, foredrag, kurs, m.m.

BARN OG UNGE

Etter avtale med den no oppløyste stiftinga Rasmus Løland-markeringa tok museet på seg å arbeida for etablering av eit senter for barnekultur og nynorsk barnelitteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 vart det arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løyvingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010, og me kunne våren 2011 opna ei utstilling basert på forteljinga om ”Kvitbjørnen” i tilknyting til markeringa av at det i 2011 var 150 år sidan diktaren blei født. Frå 2012 har Kulturdepartementet gitt eit driftstilskot som har gitt grunnlag for styrking av den bemanninga som arbeider med oppgåvene. Dette har gjort at tilbodet om aktivitetar, programtiltak og undervisningstilbod har auka monaleg. Arbeidet med barnekultursenteret har òg gjort at museet no kan seie at formidling til barn og unge er ei av hovudsatsingane til museet. Sjå meir under ”Barn og unge”. Dei har likevel vist seg vanskeleg å få løyvingar til å kunna etablera eit senter for barnekultur og nynorsk barnekultur ved museet, trass i at Suldal kommune har løyvd ekstra middel i von om å utløysa større middel frå dei andre tilskotsgivarane. Ryfylkemuseet har frå 2017 difor vald å leggja planane om eit Lølandsenter på is, men vil fortsetja den sterke satsinga på barnekultur og barnelitteratur som dette prosjektet har lagt eit godt grunnlag for.

Arbeidet med barnekultursenteret har ført til ei markert auke i tilbodet til denne målgruppa. Me har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar. Det er tidlegare utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet. I 2016 er det utvikla eit undervisningsopplegg om segner og eventyr frå Ryfylke, der deler av materialet òg er henta frå folkemusikkarkivet. Dette vart hausten 2016 gjennomført i Suldal, Kvitsøy og på Viga, Hjelmeland, men vil fortsetja i andre kommunar i 2017. Det har elles vore skulebesøk (inkl. introsenteret) på Nesa-sjøhuset, Åbøbyen, Røynevarden og Viga gjennom året.

Den årlege folkemusikk- og dansehelga i november samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og fleirtalet av deltakarane på kursa er barn og unge. I 2016 var det kurs i kveding (song), hardingfele, dans og toradar. Kursa er opne for både nybyrjarar og dei som har halde på ei stund.

Formidling til barn og unge inngår òg i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærearenaer. Me har i 2016 deltatt på byggdag med Rytopp og Yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Året vart avslutta med dei etter kvart tradisjonsrike nissekveldane som vart arrangert på Kolbeinstveit, Viga og Hustveit før jul. Arrangementet er retta mot barn i ulike aldrar og innehold forteljingar om nissen i norsk folkekultur, men òg song og dans. Stor pågang har gjort at me må gjennomføra to nissekveldar på Kolbeinstveit, men talet er stadig aukande på Viga og Hustveit òg der opplegget endå er relativt nytt.

TURISTINFORMASJON

På oppdrag frå Suldal vekst har me gjennom fleire år drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein ”vinn-vinn-situasjon” der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare vart brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meir besøk på museumsanlegget på Sand. Samarbeidet vart avslutta hausten 2016 av Suldal vekst på grunn av ei planlagd omstrukturering av tilbodet, men samarbeidet med reiselivsnæringa vil fortsetja òg i 2017.

BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2016 samanlikna med tala for dei to føregåande åra ser slik ut:

STAD	2014	2015	2016
Forsand bygdemuseum			
Viga	479	520	607
Hjelmeland bygdemuseum	108	97	40
Håland	231	126	192
Jelsa skolemuseum	656	274	139
Nesa-sjøhuset	4 832	7 793	7453
Kolbeinstveit	1 630	1 463	1078
Røynevarden	104	171	216
Li	417	547	318

Kvednahola			
Hustveit	1 224	1 097	797
Industriarbeidarmuseet	245	822	49
Bakken	5		
BibMus	750	750	750
Finnøy bygdemuseum			
Betel, Finnøy	915	968	550
Kvitsøy Hummermuseum	2 079	2 008	1545
Brødrene af Sand	633	652	0
Sum museumsanlegg	14 308	17 288	13 127
Eksterne arrangement	1 785	2 636	2903
Suldalsdampen			
Flørli sommarutstilling		1 330	1380
Turistinformasjon	2 564	*	*
Sum publikum	18 657	21 254	18 017

* Tal frå turistinformasjonen er inkludert i tal for Nesasjøhuset.

På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besökande i døra til løa. Det oppgitte talet er justert i forhold til moglege feilkjelder.

I 2015 nådde me eit rekordhøgt besøkstal og gler oss over den totale auka i besøket. I 2016 har talet gått noko ned att og ligg på 2014-nivå. Dette skuldast hovudsakleg at fleire av anlegga var heilt eller delvis stengde på grunn av vedlikehaldsarbeid, men òg at utandørsanlegga våre er sårbare for sesongar med mykje dårlig vær, slik som sommaren 2016. Me har ambisjonar om auke i besøkstalet og vil jobba målretta mot større besøk på museumsanlegga framover.

DIGITALE MEDIA

BESØK PÅ DIGITALT MUSEUM			
	2014	2015	2016
Totalt besøk	1097	1532	52 966
Tal objekt (foto, gjenstandar, digitale forteljingar)	10 766	15 929	18 768

Besøket vårt på digitale media aukar. Besøket på vår avdeling i Digitalt Museum var i 2016 på 52 966 (mot 1 532 i 2015). Ved utgangen av 2016 hadde me 18 768 objekt (foto, gjenstandar og digitale forteljingar) på nettstaden. Sjå meir om dette i kapittel 2.

Me brukar heimesida og Facebook aktivt i formidlinga, og har no over 1200 følgjarar på Facebook. Ny heimeside vert lansert april 2016 og dei siste ni månadane har me hatt over 27 000 sidevisingar på om lag 11 000 økter.

Me er òg aktive på handverksbloggen hyvelbenk.wordpress.com og bloggen til Norsk Skottbenk Union: skottbenk.wordpress.com.

Sidan 2004 har me jamleg sendt ut nyhendebrev på e-post. Dette hadde på slutten av 2016 om lag 300 ”abonnentar”.

ANDRE PUBLIKUMSTENESTER

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innanfor bygningsvern. Oppdragsgjevarane er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter biletstoff til ulike føremål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av biletmateriale.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk og andre som er på leit etter tradisjonsmusikk frå Rogaland. Dei kan, på visse vilkår, få kopiert ut materiale frå arkivet.

PUBLIKASJONAR

I 2016 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Roy Høibo: «Islam i bedehusland» I Kathrin Pabst m.fl. (red.) *Mot nye realsjoner mellom museum og samfunn*. Oslo, Norsk ICOM og Vest-Agder-museet. S- 57–80.
(Boka er òg utgitt på engelsk)
- *Folk i Ryfylke 2016*, årbok for Ryfylkemuseet.

TAKK

Me vil takka Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Stavanger, 21. februar 2016

Terjer Hidle
Styreleiar